

Vedrørende søknad om tilskot til Nye Sunnhordlandstunet

Eg syner til søknad om tilskot til «Nye Sunnhordlandstunet» sendt 18.09.2023. I drøftingar er det kome innspel om at intervalla for utbetaling av eventuelle tilskot som var føreslått, var korte og utfordrande å imøtekomma.

Sunnhordland museum ynskjer derfor å fremja søknaden med forslag om lengre nedbetalingstid. Eg syner derfor til oppdatert versjon som følgjer i dette brevet.

Sunnhordland museum vil gjerne komma til politiske utval for å presentera både Sunnhordland museum som regionsmuseum, og utbyggingsprosjektet vi søker tilskot til.

Beste helsing



Linda Øen

Revidert søknad om tilskot til «Nye Sunnhordlandstunet» - oppdatert versjon

Etter gjentekne søknader om tilskot til «Nye Sunnhordlandstunet» har kommunane via regionsrådet kome med følgande oppmoding til Sunnhordland museum.

«Regionsrådet oppmodar Sunnhordland museum til å få prosjektet lånefinansiert, samt be om auke i driftstilskot frå kommunane».

Med bakgrunn i desse signala har Sunnhordland museum vore i dialog med banken om mogleg lånefinansiering av kommunale tilskot. Det er banken si klare anbefaling at ein ved ei slik løysing også får ein lånegaranti på beløpet.

Sunnhordland museum vil på ny søkje Sveio kommune om tilskot til «Nye Sunnhordlandstunet». Vedlagt ligg søknad.

Vi ynskjer å skissere følgjande alternativ for utbetaling av eventuelt tilskot:

1. Sunnhordland museum tek opp lån på omsøkt beløp 1 800 000,- og Sveio kommune aukar driftstønad til museet over ein periode på 10, 20 eller 30 år slik at museet vert i stand til å betale avdrag og renter i tilsvarende periode.

Under har vi skissert kva auken i driftstilskot vil utgjere for dei ulike alternativa med eit utgangspunkt på 7% renter.

Søknadsum	Rentesats	10 år	20 år	30 år
891 730	7%	197 950	47 815	31 876
<ul style="list-style-type: none">• Det er lagt til grunn ein estimert rentesats, renta vil verta justert ned dersom reel rente er lågare en 7%• Her er lagt til grunn døme på intervall for nedbetaling av tilskot. Andre intervall er også aktuelt for Sunnhordland museum.				

2. Sveio kommune gir ein lånegaranti på omsøkt beløp som sikkerheit, slik at renter vert så låge som mogleg.

Dersom kommunane vedtek å auka driftstønaden for ein periode slik at Sunnhordland museum kan lånefinansiere omsøkt tilskot, vil det vere mogleg for Sunnhordland museum å gå i gang med utbygginga i 2024.